



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Til adresseliste

Vår dato: 16 MAR 2011
Vår ref.: NVE 201002803-9 ki/frgm
NVE 201002804-4
NVE 201002805-5

Arkiv: 312 /084.5
Dykkar dato: 10.01.2011
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Fredrik Glenne Myhre
22 95 93 27

Søknader om løyve til å bygge tre småkraftverk i Askvoll kommune, Sogn og Fjordane - Høyring

NVE har motteke søknader frå SFE Produksjon AS om løyve til å bygge tre småkraftverk i Skorvenvassdraget i Askvoll kommune. Søknadene skal handsamast samtidig og samla belastning for Skorvenvassdraget skal vurderast. NVE ynskjer at høringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla.

Leknesvatn kraftverk

Leknesvatn kraftverk vil nytte eit fall på 280 m i Skorvenvassdraget. Inntaket er planlagd på kote 445 og kraftstasjonen på kote 165. Vassvegen på ca. 1900 m er planlagd nedgrave langs veg tenkt bygd til inntaket. Det er bruk for 3500 m ny tilkomstveg. Deler av vegen vil være felles for Leknesvatn-, Grunnevatn- og Stordalsvatn kraftverk. Middelvassføringa ved inntaket er 0,76 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,8 m³/s. Kraftverket skal med ein installert effekt på 4,0 MW etter planane gje ein årleg produksjon på om lag 15,4 GWh. Utbygginga vil påverke vassføringa i Ertefossen og tappinga frå magasinet i Bjørnastigvatnet. Det er planlagd slipp av minstevassføring lik alminneleg lågvassføring heile året.

Grunnevatn kraftverk

Grunnevatn kraftverk vil nytte eit fall på 87 m i Skorvenvassdraget. Det er tenkt at Grunnevatn kraftstasjon skal samlokalisert med Leknesvatn kraftstasjon i eit felles bygg med avløp til Markavatn like ved eksisterande dam Markavatn. Inntaket er planlagd på kote 252 og kraftstasjonen på kote 165. Vassvegen på ca. 500 m er planlagd nedgrave langs veg tenkt bygd til inntaket. Det er tenkt bygd ca. 1450 m ny veg frå dammen ved Markavatnet via kraftstasjonen og opp til inntaket ved Grunnevatnet. Ca. 800 m av vegen vil være felles med det planlagde Leknesvatn kraftverk og vere naudsynt for vidareføring av planane om Stordalsvatn kraftverk. Middelvassføringa ved inntaket er 0,81 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,63 m³/s. Kraftverket skal med ein installert effekt på 1,2 MW etter planane gje ein årleg produksjon på om lag 3,76 GWh. Utbygginga vil påverke

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50



vassføringa i elva nedstraums inntaket i Grunnevatnet. Det er planlagd slipp av minstevassføring i sommar- og vintersesongen lik alminneleg lågvassføring.

Stordalsvatn kraftverk

Kraftverket vil nytte eit fall på 210 m mellom inntaket 350 meter nord for Stordalsvatnet og Grunnevatnet. Inntaket er planlagd på kote 465 og kraftstasjonen på kote 255. Vassvegen på ca. 800 m er planlagd i tunnel og grøft (delvis sprengt og delvis lausmassar) langs anleggsveg til påhogget. Det er tenkt bygd ca. 1800 m ny tilkomstveg frå utlaupsosen ved Grunnevatn til den planlagde kraftstasjonen like oppstrøms innløpet av Stordalselva til Grunnevatn. Det er og tenkt bygd 500 m anleggsveg langs rørgata og til påhogget til bora sjakt mot Stordalsvatn. Middelvassføringa ved inntaket er 0,61 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,2 m³/s. Kraftverket skal med ein installert effekt på 2,2 MW etter planane gje ein årleg produksjon på om lag 6,54 GWh. Utbygginga vil påverke vassføringa i fossen nedstraums Stordalsvatn. Det er planlagd slipp av minstevassføring på 80 l/s i sommarsesongen og 40 l/s i vintersesongen.

Søknadene skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadene med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE.

Det er og søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av tiltaka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ynskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med SFE Produksjon AS, Bukta, 6863 Sandane, tlf: 57 88 47 00 eller NVE v/ Fredrik Myhre på tlf: 22 95 93 27 eller e-post: frgm@nve.no


NVE ber Askvoll kommune leggje to eksemplar av søknadene ut til offentleg ettersyn på rådhuset og i Joker-butikken i Kvammen fram til 01.06.2011. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan 01.06.2011. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Øystein Grundt
Seksjonssjef


Fredrik Glenne Myhre
avdelingsingeniør



Vedlegg: Søknader til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Adresseliste

Adresseliste for: Søknadar om løyve til å bygge tre kraftverk i Skorvenvassdraget i Askvoll kommune

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: "Firda" og "Bergens Tidene"

Tal på søknadar	Namn/adresse
5	Askvoll kommune, Postboks 174, 6988 Askvoll
	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Statens hus Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger
	SFE NETT AS, Bukta, c/o Sogn og Fjordane Energi, 6823 Sandane
	Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger
	Naturvernforbundet, sognogfjordane@naturvernforbundet.no
	NJFF -Sogn og Fjordane, Rygg, 6823 Sandane
	Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 Førde
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
	Norsk Ornitologisk Forening v/ Kjetil Mork, Ludvikdalen 17, 6013 Ålesund
	Norges Bondelag, Sogn og Fjordane, Postboks 153, 6801 Førde
	RV - Ivar Sægrov
	KD - Oddvar Indrebø
	ER - Seming Skau

- KUNNGJERING -

SFE Produksjon AS – Søknad om løyve til å bygge tre småkraftverk i Skorvenvassdraget i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane.

NVE har motteke søknad frå SFE Produksjon AS om løyve til å bygge tre småkraftverk i Askvoll kommune. Søknadene skal handsamast samtidig og samla belastning for Skorvenvassdraget skal vurderast. NVE ynskjer at høringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla.

Hovuddata for kraftverksplanane

Sak	Installert effekt MW	Produksjon GWh/år	Inntaks- og avløpskote
Leknesvatn kraftverk	4,0	15,40	445 - 165
Grunnevatn kraftverk	1,2	3,76	252 - 165
Stordalsvatn kraftverk	2,2	6,54	465 - 255

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på rådhuset i Askvoll kommune, i Jokerbutikken i Kvammen og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med SFE Produksjon AS på tlf.: 57 88 47 00.

Det er og søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av tiltaka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **01.06.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.